

Forslag til endringer av naustområda i kommuneplan (KPA) 2017-2029 og vurdering av nye innspel til naustområde i KPA 2026-2038

Kva er gjort:

1. Formålsgrensa for naustformålet er justert slik at den følger strandlinja (tidlegare var streken «grovare trekt» og gjekk gjerne litt ut i sjø)
2. Naustområda er vurdert etter følgande kriterium:
 - djupneforhold og behov for inngrep i sjø
 - Strandsoneverdiar; strand/svaberg/landskap, friluftsliv)
 - eksisterande infrastruktur og grad av opparbeiding (tilkomst, parkering, brygge/kai m.m.)
 - jordverninteresser
3. Justering av naustområda etter høyringsinnspel
4. Plankart og tilhøyrande føresegner er oppdatert slik det går fram av dette dokumentet.


Det som er skrive med raud tekst er endringar som er gjort etter høyringa av KPA.

SKJOLD - ÅLFJORDEN

Dalavik (reguleringsplan) - endre plassering av småbåthamn i samsvar med reguleringsplan

KPA 2017-2019: N1 – Toranesvika - revidert kommuneplan N1 - SK, Toranesvika

Redusere frå nord av omsyn til strandsone og friluftsliv (her synest å vere ei lita sandstrand). Ikkje behov for areal i sjø, då eksisterande brygge/molo kan dekke behovet. Uendra tal nye naust i lista (dvs. 5)



KPA 2017-2029: N2 – Haraldseidvågen vest 1 - revidert kommuneplan N2 - SK, Haraldseidvågen vest

Uendra areal. Er utbygd, derfor ingen nye naust i lista. Ikkje behov for areal i sjø då eksisterande kan dekke behovet.

KPA 2017-2029: N3 – Haraldseidvågen vest 2 - revidert kommuneplan N3, N3a, N4 og N4a - SK, Haraldseidvågen vest


Gjeldande KPA opnar for 7 naust, der 6 er bygd. Me vil dele opp området av omsyn til strandsone/badestrand og jordvern/dyrka mark.

N3: opne for 2 nye naust på 162/67. Ikkje areal i sjø.

N3a: areal sett av til naustbuer og skal inngå i reguleringsplan for kolonihage/kolonihagehytter på same eigedom.


N4: opne for 1 nytt naust på 162/58. Ikkje areal i sjø.

N4a: Ingen nye naust.




KPA 2017-2029: N4 – Haraldseidvågen vest 3 – revidert kommuneplan N5 - SK, Haraldseidvågen vest


Gjeldande KPA opnar for 4 nye naust. Tiltrå å redusere til berre to nye naust av omsyn til strandsoneverdiar og friluftsliv. Ta inn vilkår om at dei må klare seg med eksisterande brygger/kaiar. Det er ein grunneigar på alt areal, også brygger i både nord og sør.



KPA 2017-2029: N5 – Haraldseidvågen vest 4 – revidert kommuneplan N6a og N6b - SK, Haraldseidvågen vest
 I N6b er det frådelt 7 tomter. Me føreslår å utvide med ei nausttomt i nord, N6a (etter innspel frå grunneigar)– men utfylling kan ikkje tillast! Delvis opparbeidd landareal inkl. 2 pirar.




KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan

Småbåthamn innerst i Haraldseidvågen – ta ut/flytte arealformål i samsvar med innspel frå grunneigar. Det er ikkje mogleg å ha småbåthamn her pga. djupneforholda. Areal i sjø føreslått til naturområde, areal på land føreslått til naturområde-grøntstruktur.



KPA 2017-2029



Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N6 – Haraldseidvågen aust - revidert kommuneplan N7, N8 og N8a– SK, Haraldseidvågen aust


I gjeldande kommuneplan har N6 plankrav. Forslag om å justere i høve til nytt innspel frå grunneigar, Jone Tveit, Haraldseidvågen; kombinert formål og naustformål. Plankrav.

Innspelet om kombinert formål på eigedom 164/3 frå Jone Tveit blei møtt med motsegn frå Statsforvaltaren.

Grunneigar har justert sitt innspel, redusert kombinert formål og justert naustformålet. Framleis plankrav.

Naustformålet er fordelt på to område. N7 gjeld berre eksisterande naust som er verneverdig og flytta til opphavleg plass. N8 inngår i plankravet. Saka har blitt drøfta med Statsforvaltaren.

I tillegg har Eli W. Hausken, grunneigar av 164/16 i nord, sendt inn ønskje om endra naustformål på sin eigedom av omsyn til kulturminnevernet på eksisterande «Prestanaustet», forslag om 1 nytt naust, N8a.




VIKEBYGD - ÅLFJORDEN

KPA 2017-2029: N7 – Trovågfeltet 1 – revidert kommuneplan N9 - utgår

Kommunen si vurdering var å ha naustområdet uendra, dvs. med plankrav og med vilkår om tilkomst frå nord. Det blei i tillegg tatt inn sjøareal i planforslaget som blei sendt på høyring.

Endring etter høyring: SF hadde motsegn til naustområde og småbåtanlegg i sjø. Areala er tatt ut av planforslaget og tilbakeført til LNF.




KPA 2017-2029



Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N8 – Trovågfeltet 2 – revidert kommuneplan N10 - VB, Trovågfeltet

Regulert og ferdig utbygd (Trovågfelta), innlemme 338/78 i naustområdet




KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N9 – Trovågen - revidert kommuneplan N11 - VB, Trovåneset

Redusere noko areal i nordleg kant (stoppe i kanten av brygge/molo) og redusere antal til 3 nye naust med plankrav (5 i eksisterande KPA) - eksisterande pir må dekke behovet for brygger.




KPA 2017-2029



Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N10 – Svendsbøvågen – revidert kommuneplan N12 - VB, Svendsbøvågen

Gjeldande KPA opnar for 3 nye naust – av omsyn til jordvern, strandsoneverdiar og friluftsliv vil me tilrå å redusere til 1 nytt, eksisterande kai skal dekke behovet for brygger.




KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan

Ulvebne, Vikebygd: Nytt innspel om meir areal i sjø utanfor eksisterande småbåtanlegg for å dekke behovet for tiltak i sjø, innspel vurdert i KU og er med vidare.




KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N11 – Dommersneslandet – revidert kommuneplan N13 - VB, Dommersneslandet

Gjeldande KPA opnar for 7 nye naust. Me tilrår å redusere i vest og aust, og redusere antal til 5 nye naust av omsyn til landbruksinteresser og strandsoneverdiar. Det går ein landbruksveg over dyrka mark i dag, det vil ikkje vere ønskeleg å tilrettelegge for ein ny tilkomst.



KPA 2017-2029



Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N12 – Vikevik 1 – revidert kommuneplan N14 - VB, Vikevik

Gjeldande KPA: 0 nye. Naustområdet er utbygd, ikkje meir plass (det er eit regulert naustområde sør for N12/N14)


Småbåtanlegg nord for N12 – arealformålet justerast i tråd med regulering; friluftsområde i sjø. I dette området er det svært langgrunt og småbåthamn eignar seg ikkje.

KPA 2017-2029: N13 – Vikevik 2 – revidert kommuneplan N15 - VB, Vikevik

Naustområdet er oppbrukt, me tilrår å justere både i vest og aust.


N14 – Vikevik 3 – revidert kommuneplan N16 - VB, Vikevik

Gjeldande KPA: 1 nytt naust, me tilrår ingen endring (det er ei ubebygd nausttomt i vest)




KPA 2017-2029: N15 Gangstø - revidert kommuneplan N17 - VB, Gangstø

Gjeldande KPA: 1 nytt naust – ingen endring



KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan


BJOA - BJOAFJORDEN

KPA 2017-2029: N16 – Gardavika - ny kommuneplan N18 - B, Gardavika

Innanfor naustområdet er det to eigedomar som ikkje er bebyggt, eigedom i nord + hovudbruket, men gjeldande KPA opnar berre for eit naust til! Me tilrår endring til to nye (på eksisterande tomter), men ikkje areal i sjø!




KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N17 – Smedsvik – ny kommuneplan 2026-2038 N19 - B, Smedsvik

8 eigedomar innanfor området, men gjeldande KPA opnar berre for 3 nye naust – Me tilrår å redusere areal i nord, men opne for 4 nye naust (eigedomar som ikkje er bebyggt i dag) med plankrav, men ikkje areal i sjø.



KPA 2017-2029



Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N18 – Utbjoavågen 1 - revidert kommuneplan N20 - B, Utbjoavågen

Ingen endring, dvs. 2 nye naust med vilkår om å ikkje sprengje berg eller fylle i sjø, vil krevje justering av eigedomsgrenser bnr. 133 og 134. Slik desse ligg i kartet i dag, vil ein vere nøydd til å fylle i sjø om dei skal byggast på. Det vil me ikkje opne for.

Etter høyring: I dette området, som inngår i eit større samanhengande kulturmiljø (Utbjoavågen), skal det takast særskilt omsyn til kulturminna. Retningslinjer for saksbehandling i kommunedelplan for kulturminne og -miljø skal leggjast til grunn. Frå før er det 5 naust i dette området, og det er ønskeleg å ha «opne rom» mellom nausta for i best mogleg grad å ta vare på opphavleg kulturmiljø. Det er vurdert at området ikkje «toler» meir enn 2 nye naust.




KPA 2017-2029



Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N19 – Utbjoavågen 2 – revidert kommuneplan N21 - B, Utbjoavågen


Ta areal i sør, eiedom 254/130, ut av naustformålet, elles er området fullt!



N22, Steinslandberget – 1 nytt naust


Steinslandsberget (unnummerert då dette naustområdet er regulert i eldre reguleringsplan for Utbjoa industri)

Ta ut arealet i søraust av omsyn til strandsoneverdiar og landskap (fine, flate svaberg), det er heller ingen tilkomstveg i området. Eigedomane som har naust, ligg ovanfor og har gangtilkomst ned til nausta. Me foreslo å ta inn eit areal for 1 nytt naust på eiedom 255/126 ved eit eksisterande båtopptrekk (etter innspel). Denne nausttomta var tenkt å berre ha gangtilkomst. **Endring etter høyring: Forslaget med eit nytt naust blei møtt med motsegn av Statsforvaltaren og er tatt ut av planforslaget.**




KPA 2017-2029: N20 – Grønevik – revidert kommuneplan: N23, N24 og N25 - B, Grønevik

Gjeldande KPA opnar for 5 nye naust, og 2 av desse er bygd. Tiltrår å redusere arealformålet, og vurderer at det er fullt! Denne vika er mykje nytta til friluftsliv/bading lokalt! Justere/dele opp naustområdet slik at dagens «opne rom» og svaberg i aust blir LNF. Strandsoneverdiar og friluftsliv! Ikkje areal i sjø.



KPA 2017-2029



Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N21 – Innbjøa 1 – revidert kommuneplan: N26 - B, Innbjøa

uendra (gjeld berre eit eksisterande naust)

KPA 2017-2029: N22 – Innbjøa 2 – revidert kommuneplan: N27 - B, Innbjøa

uendra (gjeld berre eit eksisterande naust)

KPA 2017-2029: N23 – Innbjøa 3 – revidert kommuneplan: N28 - B, Innbjøa

Gjeldande KPA opnar for 3 nye naust, men me tiltrår å redusere til 1 nytt naust (det er ikkje fleire grunneigarar i området og tilkomst er svært vanskeleg; avkøyring, svært bratt og konflikt med dyrka mark).




KPA 2017-2029



Revidert kommuneplan


KPA 2017-2029: N24 – Apalvik 1 – revidert kommuneplan N29 - B, Apalvik

Gjeldande KPA: 5 nye naust. 11 eigedomar der 7 allereie er bygd på. Tiltrå å redusere til 3 nye naust og kappe heilt i nord (denne eigedomen har likevel nok areal igjen innanfor formålet). Plankrav. Dette naustområdet ligg innanfor Bjoa båthamn og ei høg utnytting synest fornuftig.




KPA 2017-2029: N25 – Apalvik 2 – revidert kommuneplan N30 - B, Apalvik

Gjeldande KPA: 0 nye naust. Det er ikkje plass til fleire! Justere arealformålet i sør – følge eigedomsgrenser.




KPA 2017-2029: N26 – Apalvik 3 – revidert kommuneplan: N31 og N32 - B, Apalvik
 Naustområdet er fullt. Tilrår å dele opp slik at det ikke blir naustformål på deler av stranda.



KPA 2017-2029

Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N27 – Apalvika 4 – revidert kommuneplan N33 - B, Apalvik
 Gjeldande KPA: 0 nye. Tilrår å redusere naustformålet i aust av omsyn til strandsoneverdiar, landskap og friluftsliv, la det stå igjen areal til 3 nye naust med tanke på innspel (og jordskiftesak), ca 21 m strandlinja. Plankrav.




KPA 2017-2029

Revidert kommuneplan


KPA 2017-2029: N28 - Grunnvåg – revidert kommuneplan N35 – B, Grunnvåg

Gjeldande KPA: 0 nye naust. Det er vanskeleg tilkomst til området. Området er svært bratt og det vil krevje mykje sprenging av berg for å realisere. Foreslo å kutte i midten, men ta inn 261/15 (etter grunneigarinnspel) som allereie er ei fråskilt tomt N34. I sum blir det mindre landskapsinngrep. Føresetnad at nytt naust berre får gangtilkomst.

Endring etter høyring: Statsforvaltaren hadde motsegn til nytt naustområde på eigedom 261/15. Arealformålet er tatt ut av planforslaget.



KPA2017-2029




Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N29 – Hauge/Ekeberg – revidert kommuneplan N36 og N37 - B, Hauge/Ekeberg

Gjeldande KPA: kan bygge 4 nye naust (eksisterande ubebygde tomter i naustområdet)

Tilrår å dele opp med omsyn til badestrand og dyrka mark og innlemme eksisterande naust i sør aust (innspel frå Askil Eitheim), uendra tal nye naust (N36 er fullt og N37 kan bygge inntil 4 nye med plankrav).




KPA 2017-2029




Revider kommuneplan

KPA 2017-2029: N 30 – Hatlevik – revidert kommuneplan N38 og N39 - B, Hatlevik

Gjeldande KPA: 4 nye. Same problemstilling som N 29; strand, dyrka mark, tilrår å dele opp slik at stranda ikkje blir utbygd. Plass til eit naust i nordvest (N38) og 1 på frådelt tomt i søraust (N39), ikkje areal i sjø.



KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N31 – utgår

ØLENSVÅG - ØLSFJORDEN

KPA 2017-2029: N32 – Vaka 1 revidert kommuneplan N40 - ØV, Vaka

Gjeldande KPA 3 nye naust. Tilrår å redusere til 2 nye, ingen frådelt, er tilhøyrande garden




KPA 2017-2029



Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N33 Vaka 2 – revidert kommuneplan N41 - ØV, Vaka


Gjeldande KPA 3 nye naust. Uendra, det er 3 allereie frådelte tomter



KPA 2017-2029: N34 – Kåta - revidert kommuneplan N42 - ØV, Kåta

Gjeldande KPA: 4 nye naust


Grunneigar ønskjer å flytte naustområdet til naboegedom som er kjøpt opp, og redusere til 2 naust. Det er ein eksisterande veg som kan nyttast. Dette blir ei betre løysing i høve til landbruksinteresser og det minskar inngrep i strandsona.



KPA 2017-2029: N 35 – Nautaskjer – revidert kommuneplan N43 - ØV, Nautaskjer

Gjeldande KPA: 4 nye naust

Tilrår 4 nye naust er i samsvar med antal grunneigarar. Må ha tilkomst frå sør på eksisterande veg. Må ta omsyn til kulturminnet. Plankrav.



KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan


KPA 2017-2029: N 36 – Ørland – revidert kommuneplan N44 og N45 - ØV, Ørland

Gjeldande KPA: reguleringsplankrav

Tilrår å ta ut deler av området. Ikkje ønskeleg med for store naustområde, dessutan er noko areal for smalt til å bygge på, dele arealet opp; i nord (N44): 0 nye naust, sør (N45): 2 nye på eigedom 305/2 (elles utbygd).



KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan


KPA 2017-2029: N 37 – Ura - revidert kommuneplan N46 og N47 - ØV, Ura

Gjeldande KPA: krav om regulering

Tilrår uendra med tanke på plankrav (N47), men innlemme 304/2 (gardsnaust). Den del som utgjør N46 er fullt utbygd!



KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan


KPA 2017-2029: N 38 – Kvassanes

Gjeldande KPA: plankrav

Arealet inngår nå i områdeplan for Ølensvåg (er derfor ikkje å finne i nummerlista i revidert kommuneplan).




KPA 2017-2029



revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: regulert naustområde i eldre reguleringsplan(vegplan), unummerert. Forslag om å utvide med ei tomt på eigedom 293/18, i samsvar med innspel frå grunneigar og KU-vurdering. **Etter høyring: Forslaget blei møtt med motsegn av Statsforvaltaren og er tatt ut av planforslaget. Tilrår å redusere naustområdet og halde fast på krav om ny reguleringsplan.**




KPA 2017-2029



Revidert kommuneplan

ØLEN, ØLSFJORDEN

Foreslår å ta ut arealet som er regulert til småbåthamn, hovudårsak er at arealet ikkje er eigna/for grunt.



KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N39 – Roa 1 – revidert kommuneplan N49 - Ø, Roa

Gjeldande KPA: 1 nytt naust og småbåtanlegg i sjø

Tilråd å opne for 3 nye naust søraust for N39, om lag 20 m. Behov for litt areal i sjø for å få plass mellom fylkesvegen og sjøen, men må elles nytte eksisterande utfylling/brygge.



KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N40 – Roa 2 - revidert kommuneplan N50 - Ø, Roa


Gjeldande KPA: 0 nye naust. Ingen endring.

KPA 2017-2029: N 41 – Roa 3 – revidert kommuneplan N51 - Ø, Roa

Gjeldande KPA: plankrav. Dette området er fullt, tilråd 0 nye naust



KPA 2017-2029



Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N42 – Roa 4 – revidert kommuneplan N52 - Ø, Roa

Gjeldande KPA: krav om regulering


KPA 2017-2029: N43 – Roa 5 – revidert kommuneplan N53 - Ø, Roa

Gjeldande KPA: krav om regulering

Tilrår krav om felles regulering for desse to naustområda og tar ut eit lite areal som ligg nord for molo




KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N44 – Stangeland – revidert kommuneplan N54 - Ø, Stangeland

Gjeldande KPA: 0 nye naust, ingen endring, dvs. 0 naust.



KPA 2017-2029



Revidert kommuneplan

Eit innspel N54a blei i utgangspunktet avvist av administrasjonen, men tatt inn av formannskapet ved første gangs behandling. Etter høyring blei N54a møtt med motsegn av Statsforvaltaren og er nå tatt ut av planforslaget.



KPA 2017-2029 (naustareala sør for innspel er regulert)



Revidert kommuneplan


KPA 2017-2029: N45 – Kåtabø revidert kommuneplan: N55, N56 og N57 - Ø, Kåtabø

I gjeldande KPA: 6 nye naust. Dette er ei lang rekke med naust. Det må sikrast nokre grønne rom i mellom og tilrår å dele opp i tre område.


N55 Kåtabø 1 – fullt utbygd

N56 Kåtabø 2 - eitt nytt naust på eigedom 268/12 og eitt nytt naust på 267/1.

N57 Kåtabø 3 – fullt utbygd




KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan

Eit innspel N57a og N57b blei i utgangspunktet avvist av administrasjonen, men tatt inn av formannskapet ved første gangs behandling. Etter høyring blei N57 a og N57b møtt med motsegn av Statsforvaltaren og er nå tatt ut av planforslaget.



KPA 2017-2029: N46 –Ytre Hamre – revidert kommuneplan N58 - Ø, Ytre Hamre
 I gjeldande KPA: 0 nye naust, ikkje plass til meir, ingen endring.



SKJOLD - SKJOLDAFJORDEN


Nytt innspel om eit naustområde ved Fosterneset i Skjold. **Innspelet blei møtt med motsegn frå Statsforvaltaren og er tatt ut av planforslaget**



KPA 2017-2029: N 47 – Kronå – **revidert kommuneplan N60 og N61 - SK, Kronå**

I gjeldande KPA: opne for 3 nye naust


Tilrår å ta ut strand (bnr. 71) etter ønskje frå grunneigar og av omsyn til dyrka mark. La naustområde i sør (N60) begynne som før og slutte ved naust på 159/59 og tillate 1 nytt naust. La naustområde i nord (N61) begynne etter strand og slutte ved eigedom 159/3 (landbruksnaust), tillate 2 nye naust.



KPA 2017-2029: N48 – Skjoldavik – revidert kommuneplan N62 - SK, Skjoldavik

Gjeldande KPA: krav om regulering med vilkår om turveg

Me foreslår uendra – reguleringskrav med vilkår for å sikre turveg ml Skjoldavik og Vikaneset



KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan


KPA 2017-2029: N49 – Kyrkjevika – revidert kommuneplan N63 - SK, Kyrkjevik

Det blei varsla oppstart av reguleringsplan (febr. 2011) som aldri er ferdigstilt

Tilrår å redusere utstrekning i nord av omsyn til strandområdet - halde fast på plankrav.



KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan

VATS – VATSFJORDEN


KPA 2017-2029: N50 – Steinneset – revidert kommuneplan N64 - VA, Steinneset

I gjeldande KPA: 4 nye naust

Det er egentleg tinglyste naustrettar på neset, desse ønskjer grunneigar å flytte til N50 som har plass. Viktig å ta vare på neset av omsyn til landskap og friluftsliv. Tiltrår 1 nausttomt til i forlenginga av N50 mot søraust, etter innspel frå grunneigarane i området. Eksisterande veg kan nyttast og dyrka mark går ikkje tapt. 5 nye naust med plankrav.



KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan


KPA 2017-2029: N51 – Indraland – revidert kommuneplan N65 - VA, Indraland

I gjeldande KPA: 4 nye naust

Tiltrår å redusere areal nord for molo, redusere tal nye naust til 3 stk., eksisterande molo skal dekke behov for brygge/sjøareal.




KPA 2017-2029



Revidert kommuneplan

Kommuneplanforslaget på høyring:

Innspelet til naustområde frå grunneigar. Innspelet blei møtt med motsegn frå Statsforvaltaren. Motsegn akseptert og naustområdet er tatt ut av planforslag.




KPA til 1. gangsbehandling




Revidert kommuneplan

Revidert kommuneplan: N66a og N66b - VA, Eikanesstranda

N66 a og N66b er rydding i eldre reguleringsplan der strandlinja var sett av til fellesområde; naustformål, friområde og badeplass med krav om felles bebyggelsesplan. Det er gitt løyve til frådeling av nausttomter. For å sikre badeplassen har me delt naustområdet i to.



KPA 2017-2029



Revidert kommuneplan

Revidert kommuneplan: N66c - VA, Eikanesstranda


I gjeldande kommuneplan var heile strandlinja til eigedom 107/10 sett av til naustformål. Tilrår å redusere naustformålet. Dette er ein bustadeigedom med eit eksisterande naust.

KPA 2017-2029: N52 – Eikanes 1 revidert kommuneplan N67 - VA, Eikanesstranda

I gjeldande KPA: 5 nye naust. Tilrår å justere litt i nord (ta med heile nausttomta), stoppe der reguleringsplan begynner i sør. Kan berre bygge to nye naust (på 107/39 og 107/3), ikkje areal i sjø. Hovudbruket har naust i LNF-området.

KPA 2017-2029: N53 – Eikanes 2 – revidert kommuneplan N68 - VA, Eikanesstranda


I gjeldande KPA: 2 nye naust. Tilråd uendra - 2 nye naust, ikkje areal i sjø



KPA 2017-2029: N54 – Åm – revidert kommuneplan N69 - VA, Eikanesstranda


I gjeldande KPA: krav om regulering, det er småbåtanlegg utanfor.

Tilråd 1 nytt naust. Dersom tiltak i sjø er det krav om reguleringsplan.




KPA 2017-2029: N54 – revidert kommuneplan N70 - VA, Eikanesstranda

I gjeldande KPA er det stilt krav om regulering. Tiltrår plankrav (ny reguleringsplan) for vidare utbygging.



KPA 2017-2029: N55 – Åmsosen aust 1

I gjeldande KPA: krav om regulering. Tiltrår å ta ut naustområdet. Ikkje eigna.




KPA 2017-2029: N56 – Åmsosen aust 2 – revidert kommuneplan N71 og N72 - VA, Stokkastranda

I gjeldande KPA: plankrav

Tilrår å kutte betydeleg, området er langgrunt og ligg tett på veg. Det er ikkje ønskeleg med utfylling i sjø.

Konklusjon: dele opp i to område for dei eksisterande nausta, i sør inngår 138/11 og 138/6. Ingen nye naust.



KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N57 – Skjervheim 1 - Olaugstranda nord - i høyringsforslag N73 - VA, Stokkastranda


I gjeldande KPA: plankrav. Regulering pågår, Solnes (sørleg del) vedtatt. Vurdering at sidan reguleringsplan er under arbeid, blir naustområdet oppretthalde.

(Det heilt sørlegaste arealet på 138/42, som ikkje inngår i Solnes-planen, blir vidareført og knytt saman med nytt innspel frå grunneigar av Kvigeneset, sjå KU- i høyringsforslag N74)

Etter høyring: naustområdet blei møtt med motsegn av Statsforvaltaren. Det har ikkje lukkast administrasjonen å finne noko løysing. Statsforvaltaren kan akseptere 2 naust på landarealet på Kvigeneset, men ingen tiltak i sjø. Administrasjonen er innstilt på å ta ut Olaugstranda nord.



KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N58 – Skjervheim 2 – revidert kommuneplan N75, N76 og N77 - VA, Stokkastranda

I gjeldande KPA: plankrav


Tilrår å kutte i nord pga. at avstand til veg er for liten. Utfylling vil ikkje bli tillate. Naustområdet begynner ved 138/25 og går sørover, elles er reguleringsplanar for Berthastranda og Olaugstranda sør vedtatt.



Tilrår å halde fast ved plankrav i N75 (ferdig reguleringsplan) og N77. N76 er fullt utbygd.


KPA 2017-2029: N59 – Skjervheim 3

Me foreslår å ta ut parkering, naust og småbåtanlegg m.a. av omsyn til jordvern og strandsonevern.



KPA 2017-2029: N60 – Vaskevik – revidert kommuneplan N78 - VA, Stokkastranda, Vaskevik

I gjeldande KPA: plankrav. Tilråd å redusere i sør og opne for berre 1 nytt naust av omsyn til strandsonevernet og landskap.




SANDEID - SANDEIDFJORDEN

N61 – Torsnes 1 (gnr. 32, bnr. 10, 11 og 12) - revidert kommuneplan N79 - SA, Torsnes


I gjeldande KPA: 3 nye naust som må ligge inntil eksisterande.

Det er frådelt 3 nye nausttomter, tilrår bygging på desse, med plankrav.

62 kuttet vekk. Ikkje eigna av omsyn til strandsonevern.



KPA 2017-2029



Revidert kommuneplan

Me endrar frå fritidsformål (vestanfor N63) til naustformål (nye område nummerert til N80 og N81) her for å få det i samsvar med faktisk utbygging og bruk.

Heile eigedom 31/17 låg som fritidsformål tidlegare. På høyringstidpunktet blei strandlinja endra til LNF, noko som vil utelukke hans moglegheit for å byggja naust. Grunneigar har bedt om ei ny vurdering av dette. Det har vore eit naust på eigedomen tidlegare; murar er synlege.


Forslag:

Naustformålet blir utvida mot vest slik at det opnar for eit naust på eigedom 31/17 (N80). Ingen nye i N81.


KPA 2017-2029: N63 – Viland 1 revidert kommuneplan N82 - SA, Viland

I gjeldande KPA: 0 nye naust

Tilrår ingen endring.



KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan


KPA 2017-2029: N 64 – Viland 2 -revidert kommuneplan N83 - SA, Ilsvåg, Vilandsberget

I gjeldande KPA: 3 nye naust

Tilrår å justere naustområdet i bakkant til å omfatte frådelt tomter, plankrav.




Nytt innspel frå grunneigar av 30/18 om å få inn areal til eit naust på allereie frådelt tomt. Innspelet blei møtt med motsegn frå Statsforvaltaren og er tatt ut av planforslaget.



KPA 2017-2029: N65 – Årak – revidert kommuneplan N85 - SA, Årak

I gjeldande KPA: plankrav

Tilrår å ta ut litt både i sør og nord av omsyn til landskap og strandsonevern, og justere grøntareal i bakkant til LNF.




KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan

Opnar berre for 1 nytt naust.



KPA 2017-2029



Revidert kommuneplan


Kutte naustområde i aust i Moljo (regulert) Det er ikkje ønskeleg med fleire naust her av omsyn til jordvern og strandsonevern. I tillegg kjem omsynet til elva og elvemunningen.

KPA 2017-2029: N66 – Vestbø 1 – revidert kommuneplan LNF-formål

I gjeldande KPA: 1 nytt naust

Eksisterande er gardsnaust, me vil foreslå å endre frå naust til LNF

Badeplass kan avgrensast mot vest ved naust og kai på eigedom 12/6, også av omsyn til jordvern, strandsonevern og friluftsliv/badestrand.



KPA 2017-2029



Revidert kommuneplan

KPA 2017-2029: N67 – Vestbø 2 – revidert kommuneplan N86 - SA, Vestbø, Askestranda


I gjeldande KPA: 2 nye naust

Tilrår å redusere naustformålet til det som faktisk er bygd.

KPA 2017-2029: N 68 Strand 1 – revidert kommuneplan N87 - SA, Strand

I gjeldande KPA: ikkje opplista i føresegnene

Tilrår å avgrense i sør og tillate inntil 2 nye naust utan krav om regulering.



KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan


KPA 2017-2029: N69 – Strand 2- revidert kommuneplan N88 - SA, Strand

I gjeldande KPA: ikkje opplista i føresegnene.

Tilrår berre 1 nytt naust utan reguleringsplan, og ta ut sørleg del. Tilkomst frå nord på eksisterande veg. Omsyn til landskap og strandsonevern.




KPA 2017-2029




Revidert kommuneplan

Vikedal kai – innspel om nytt naustområde N89 - VD Vikedal kai

Det er bygd eit naust, og det blir opna for endå eitt



KPA 2017-2029



Revidert kommuneplan